

SVERMERE



TONEKRATT



TONEKRATT



Denne plata er eit resultat av fleire års djupdykk i gammal og ny slåttemusikk frå ulike delar av landet. I løpet av denne prosessen har vi lagt mange slåtter under lupa; vi har vridd og vrenget, leika og vaka, hekta og flengt, veid og saka; favorittane våre hører du her. Slåttekjeldane er frå Ottadalen, Sogn og Trøndelag, samt eit par låter frå Sverige og eit par eigenkomponerte. Vi har latt oss inspirere av ulike spelemenn og artistar rundt om, og resultatet vart ein liten labyrinth av tonar og rytme - eit tonekratt. // This album is the result of several years of studying old and new traditional music from various regions of Norway. During this process we have brought many musical pieces to examination; we have twisted and turned them; we have stretched and played with them; and we have weighted and discarded several of them. Our favourites are presented here – including melodies from Ottadalen, Sogn and Trøndelag. We have also added a couple of Swedish melodies as well as two self-composed tunes. We have been inspired by various players and artist, and the result presented here is a maze of tones and rhythm – which we call a brushwood of tones - «Tonekratt».

Svein Tore Werstad: Sakofon
Eirik Hoff Walmsness: Trommer
Eirk M. Husum: Bass
Torbjørn Netland: Gitar
Aslak O. Brimi: Fele

Plata er produsert av Jostein Ansnes og Svermere, og innspelt i Øra Studio i Trondheim 1.-4. juli 2013. // Produced by Jostein Ansnes and Svermere. Recorded at Øra Studio, Trondheim, 1.-4. of July 2013.

Teknikar // Sound Engineer : Jo Ranheim
Mastring // Mastering : Morten Stendahl (Redroom studio)
Grafisk formgjeving // Layout : Astrid Skogvang
Foto // Photo : Johannes Selvaag

Svermere vil rette ein stor takk til Jostein og Jo for godt samarbeid i studio. Takk til Astrid og Johannes for kunstnarisk arbeid, samt fotografens hjelpar i myggskogen, Ingvil S. Ljones. Ein stor takk til Kjell Oversand for lån av djembe og sabar-trommer, og Terje Hallan for lån av veldig gjennomsiktige Ruff-trommer.

Ein stor takk til Trondheim kommune for økonomisk stønad.

www.svermere.no
Kontakt/booking: post@svermere.no

www.talik.no
Kontakt/info: post@talik.no

HAMMEREN



DESEMBERMENUETT 4.47

Gjermund Larsen er ein av dei fremste musikarane i Noreg i dag. Store musikarar har det med å inspirere andre. Aslak var på konsert med Gjermund Larsen Trio ein desemberkveld i 2011, og Desembermenuett kom til i dagane etter. // This tune is inspired by one of the most recognised fiddle players in Norway, Gjermund Larsen. After attending a concert with Gjermund Larsen Trio in December 2011, Aslak subsequently composed this minuet.

LEKSAND 4.08

Denne er basert på låta «Leksands skänklåt» vi har frå albumet «All den kärlek» med Kungs Levi Nilsson, Saras Göte Alfredsson, Alm Nils Erikson og Kjell-Olov Nilsson. // Based on the tune "Leksands Skänklåt" from the album "All den kärlek" by Kungs Levi Nilsson, Saras Göte Alfredsson, Alm Nils Erikson and Kjell-Olov Nilsson.

VALET 1.44

Våre svenske spelvener har fortalt oss at ein «vallétpolska» vart spelt i samband med at drenger og piker i tenesefolket skulle skifte arbeidsplass. Dette var ofte på hausten, og alle gutane skulle danse med den jenta som skulle flytte – kveldens siste låt var alltid en vallétpolska. Vi har denne frå albumet «Fløde» med Per Gudmundson og Bjørn Ståbi. // Our Swedish music buddies have told us that a 'vallétpolska' was originally played in connection with servants and farmhands moving between workplaces. This usually happened in the autumn, and all the boys danced with the girl who was to be relocated. The last tune of the evening would always be a 'vallétpolska'. We have acquired this melody from the album "Fløde" by Per Gudmundson and Bjørn Ståbi.

HJEMVE 4.47

Dette er av Folldals flotteste valser. Namnet referer til heimelengsla nokre skottar hadde da dei vimsa rundt i dalstrøka innafor på starten av 1600-talet. Vi har lært slåtten av opptak med Thorvald Trondsgård. // From the valley of Folldal, this is one of the most beautiful waltzes we know. The name refer to the nostalgia or homesickness that some Scotsmen felt when they were passing through the area in the 17th century. We have learned this tune from a recording with Thorvald Trondsgård.

KLEPPDALSBEKKEN 4.53

I Kleppdalen, rett opp frå Garmo-bygda i Lom, ligg setra til Sjugurd Garmo. Han var gardbrukar og spelemann, og laga mange slåttar i tradisjonell stil. Denne hallingen er ein av fleire gilde hallingar vi har etter han. // In the valley 'Kleppdalen' straight above the village 'Garmo' in Lom lies the summer pasture of Sjugurd Garmo. He was a farmer and fiddle player who created many traditional tunes. This 'halling' is one of many exciting tunes that we have learned from him.

MARS I BERGEN 2.26

Denne vart laga ein marsmånad i stua til Astrid og Torbjørn ein gong Aslak var på besøk hjå dei i Bergen. // This tune was created when Aslak paid a visit to Astrid and Torbjørn in Bergen during the month of March.

GAMMEL-BØA 4.27

Dette er ein av dei mest brukte springleikane i lomsbygda. Namnet kjem av ein gard nedst i Bøverdalen i Lom som heiter Bø. Kva for husfrue eller dame på garden som har fått namnet sitt knytt til denne springleiken, seier historia ingenting om. // This 'springleik' is among the most frequently performed tunes in Lom. The title, meaning something like "The Old Lady Bø", comes from the farm Bø situated at the end of the 'Bøver valley'. Whos old lady's tune this actually is, the story does not tell.

HILMAR 3.30

Dette er ein vals vi har lært frå eit opptak med Hilmar Andersen, Innherred sin storspelemann. Hilmar er av dei største kjeldene til slåttemusikk i området. Med på denne versjonen har vi integrert eit vest-africansk sabar-trommearrangement kalt 'canara', som Eirik har lært av Kaw Secka frå Gambia. // This is a waltz that we have acquired from a recording with Hilmar Andersen – the great fiddle player from the Innherred region of central Norway. In this version we have integrated a West-African sabar drum arrangement known as 'canara', which Eirik has learned from Kaw Secka from The Gambia.

SPJELDERLEIKN 3.10

Denne springleiken har vi frå eit spelemannsprisvinnande opptak med Amund Bjørgen frå Garmo. Vi veit at eit spjeld er ei opne-lukke-mekanisme i eldre peiser, men kva som ligg bak namnet på denne springleiken er meir usikert. // This is a 'springleik' we learned form an old award winning recording by Amund Bjørgen from Garmo. A "spjeld" is a mechanism in old stoves (open fireplace), but the true meaning behind the title of this tune remains uncertain.

MELVIN 0.58

Denne springleiken seiast å vere etter Melvin Trondsgård frå Folldal, bror til den meir kjente spelemannen Thorvald. Vi har lært denne springleiken av Helga Møller Berg. // Another springleik by Melvin Trondsgård from Folldal, the brother of the more famous fiddle player Thorvald. Helga Møller Berg has taught us this one.

AMUND 4.51

Dette er ein springleik Amund Bjørgen har lært bort i Lom spelemannslag, der Aslak har plukka han opp. Amund lærtet ein del slåttar av Ola Åsen, mellom anna denne springleiken her. Men det er ein annan springleik som ofte blir nevnt som «Ola Åsen», så da er det vel på tide at Amund også fekk ein. // Amund Bjørgen learned many 'slåtter' from Ola Åsen, and taught this springleik to Lom spelemannslag (folk music group) whom Aslak has played with. One could argue it was about time that Amund got a tune named after him.

SOGN 3.26

Denne hallingen har vi frå eit opptak med Jostein Fjærstad vi fann på fylkesarkivet i Sogn. // This melody comes from a recording with Jostein Fjærstad that we found in the 'county archive' of Sogn.

- 
- 1 DESEMBERMENUETT
 - 2 LEKSAND
 - 3 VALÉT
 - 4 HJEMVE
 - 5 KLEPPEDALSBEKKEN
 - 6 MARS I BERGEN
 - 7 GAMMEL-BØA
 - 8 HILMAR
 - 9 SPJELDERLEIKEN
 - 10 MELVIN
 - 11 AMUND
 - 12 SOGN